

## **EIDESKÅR**

Her var det brukarane på Eide som støla, og stølen vert i daglegtale kalt Skåre. Stølen ligg i 550 meters høgde over havet, omlag midtvegs mellom Steinsete og Haukanesstølen Hedler. Her viser fleire tufter etter stølane til Sahaugen, Utetun ( Eirik Eide), Mælandsbruket og Tråe. Stølsdrifta slutta tidleg på 1900- talet.

Eirik Eide sette i 1993 opp ei lafta bu på stølen som vart nytta i samband med sauetilsyn og sanking.

Den gamle buførevegen var lang,- om Nestås, Ystås, Liasete, Vasen, Steinsete til Eideskår.

Etter at det kom veg langs fjorden vart sauane frakta med traktor og tilhengjar til Stavanes, og buførevegen er dermed blitt kortare.

**GOD TUR!**

Granvin turlag

Kjelde : «*Stølane i Granvin*» av *Torbjørn Seim og lokalkjende*